
Saknr: 2020/861-1
Saksbehandlar: Ronny Skaar, Elin Molven
Wilhelmsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

Oppretting av Moster 2024 AS

Forslag til innstilling

1. Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.
2. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.
3. Eigarane gjer årlege løyvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.
4. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.
5. Selskapet sitt namn skal vera Moster 2024 AS.
6. Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.

Samandrag

Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune vedtok våren 2017 å gjennomføre eit forprosjekt for å greie ut grunnlaget for eit mogleg riksjubileum med sentral markering på Moster i 2024. Jubileet er knytt til at det då vil vere 1000 år sidan kristenretten vart vedteke på Mostratinget. Styringsgruppa for forprosjektet har vore rådmann og kommunalsjef frå Bømlo kommune, og fylkesdirektør for kultur og idrett og utviklingsjef i Hordaland fylkeskommune. For å sikre prosjektleiar eit forum for drøfting og innspel undervegs i arbeidet vart det etablert ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå Bømlo Teater, Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter AS (MA), Bømlo kommune og Hordaland Fylkeskommune.

I tråd med det politiske vedtaket vart det utforma eit mandat for forprosjektet i tett dialog mellom administrasjonen i Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune. I denne prosessen var det også dialog med styret i Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS for å sikre innspel frå desse. Etter at forprosjektet vart gjennomført, vart styringsgruppa sin konklusjon at grunnlaget for eit nasjonalt jubileum for Kristenretten på Moster i 2024 er til stades.

Det området som har kravd størst merksemd i forprosjektet har vore organisering, og då spesielt kva selskapsform som vil vere tenleg i høve gjennomføringa av eit så stort og komplekst jubileum.

Som det går fram av rapporten har ein undersøkt og vurdert ulike selskapsformer og korleis desse har vore nytta i andre jubileum og markeringar (rapport forprosjekt er lagt ved saka).

Styringsgruppa i forprosjektet meiner at det mest tenlege vil vere å opprette eit eige ideelt AS, eigd av Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020) og at selskapet får ansvaret for gjennomføring av hovudprosjektet, inklusiv sjølve jubileumsåret. Hovudargumenta for å opprette eit eige AS med ideelt føremål om å planlegge og gjennomføre jubileet er; handtering av risiko - særleg knytt til økonomi, styring, avvikling, samt erfaringar frå andre relevante jubile og markeringar.

Aksjeselskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar levert. Namneforslag er Moster 2024 AS.

Forprosjektet har tilrådd å dele kostnadane opp i basis- og tiltakskostnadar. Basiskostnadar vil seie prosjektleiing, planlegging og administrasjon, med gradvis opptrapping av aktiviteten. Samla basiskostnadar for perioden 2019-2024 er estimert til omlag kr. 9.000.000,-.

Tiltakskostnadane, estimert til 11.000.000,- for same periode, er knytt til innhald; markeringar, arrangement, jubileumsfest, bøker, læremiddel.

Ei evt. utbygging av anlegget/ei utstilling i Moster amfi er ikkje teke med som del av dette tiltaksbudsjettet.

Forprosjektet legg opp til ei kostnadsdeling slik:

- Bømlo kommune 5 mill.
- Vestland fylkeskommune 5 mill.
- Nasjonale budsjett 10 mill.

Fylkestinget gjorde vedtak om eit eingongstilskot den 28.3.2019 i politisk sak 58/2019 på kr 3.150.000 frå avsette fondsmidlar. Fylkestinget ville elles koma attende til spørsmålet om ytterlegare tilskot.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Rapport forprosjekt - Moster 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune vedtok våren 2017 å gjennomføre eit forprosjekt for å greie ut grunnlaget for eit mogleg riksjubileum med sentral markering på Moster i 2024. Jubileet er knytt til at det då vil vere 1000 år sidan kristenretten vart vedteke på Mostertinget.

Forprosjektet peikar på «Noreg i 1000 år» som eit initiativ det er særleg viktig å halde god dialog med i den vidare utviklinga av hovudprosjektet, då dette er tenkt som ein nasjonal overbygning over fleire 1000-års markeringar knytt til Olav den Heilage sitt liv». Vidare vil ei tydeleg og sterk regional forankring vere avgjerande. Ein legg til grunn at bispedømmet, universitets- og høgskolesektoren (UiB, HVL) og at viktige kulturaktørar i Bergen (BFO, Carte Blanche, Bergen Nasjonale opera mv.) er medspelarar og bidragsytarar. I tråd med prosjektet sitt føremål vil utstrekt samarbeid med både Gulatinget og landslovjubileet vere sjølvst.

Det er også eit viktig premiss i rapporten at barn og unge må prioriterast. Ein har forsøkt å peike på nokre moglegheiter for korleis dette kan syne att når ein skal utvikle innhald knytt til «verdiar i lovverk og samfunn». Arbeidet her må gå over fleire år og startar no. Det vil vere viktig å både ta i bruk eksisterande arenaer som grunnskule, kulturskule, den kulturelle skulesekken, folkebiblioteket, m. fl., samstundes som nye møteplassar og partnerskap vert skapt. Rapporten skisserer forslag til moglege tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Politiske vedtak i saka

Hordaland fylkesting fatta følgjande vedtak 13.06.17:

1. Hordaland fylkeskommune vil støtte opp under arbeidet for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på Moster.
2. Det skal etablerast eit forprosjekt som i perioden fram til sommar 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringshøve, partnerskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærare mandat for forprosjektet vert utarbeidd i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
3. Bømlo kommune skal koordinere arbeidet med jubileet fram til ei evt anna organisering vert avgjort. Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal vere to av medlemmene i forprosjektgruppa.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til framtidig finansiering av prosjektet i budsjettsamanheng.

Kommunestyret i Bømlo gjorde slikt vedtak 14.02.17:

1. Kommunestyret vedtek at det skal arbeidast for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten.
2. Jubileet bør ha sentral markering på Moster.
3. Det skal etablerast eit forprosjekt i samarbeid med Hordaland fylkeskommune som fram til sommaren 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringsmuligheiter, partnerskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærare mandat for forprosjektet vert utarbeidd administrativt i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
4. Forprosjektet må sikre samarbeid med sentrale aktørar som t.d. Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS og Bømlo Teater.
5. Ein oppstart av forprosjektet vert i 2017 finansiert innanfor vedtekne budsjetttrammer. Rådmannen kjem til å gjere framlegg om eiga finansiering av forprosjektet i 2018.
6. Framtidig finansiering av eit hovudprosjekt vert å koma tilbake til i årlege budsjett og velferdsplanar.
7. Vedtaket i Bømlo kommunestyre forutsetter eit likelydande vedtak i fylkestinget.
8. Rådmannen vert beden om å rapportere til kommunestyret om framdrifta i forprosjektperioden.

I tråd med det politiske vedtaket vart det utforma eit mandat for forprosjektet i tett dialog mellom administrasjonen i Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune. I denne prosessen var det også dialog med styret i Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS for å sikre innspel frå desse.

Styringsgruppa for forprosjektet har vore rådmann og kommunalsjef frå Bømlo kommune, og seksjonsleiar/utviklingssjef og fylkesdirektør for kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune. For å sikre prosjektleiar eit forum for drøfting og innspel undervegs i arbeidet vart det etablert ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå Bømlo Teater, Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter AS, Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune. Brynjar Stautland vart tilsett som

prosjektleiar for forprosjektet i perioden 01.04.18 - 01.07.18. Han har forfatta rapporten i dialog med arbeids- og styringsgruppe.

Etter at forprosjektet vart gjennomført, vart styringsgruppa sin konklusjon at grunnlaget for eit nasjonalt jubileum for Kristenretten på Moster i 2024 er til stades. Styringsgruppa i forprosjektet meiner at det mest tenlege vil vere å opprette eit eige ideelt AS, eigd av Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020) og at dette selskapet får ansvaret for gjennomføring av hovudprosjektet, inklusiv sjølve jubileumsåret. Selskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar levert. Namneforslag er Moster 2024 AS.

Forprosjektet tilrår å dele kostnadane opp i basis- og tiltakskostnadar. Basiskostnadar vil seie prosjektleiing, planlegging og administrasjon, men gradvis opptapping av aktiviteten. Samla basiskostnadar for perioden 2019-2024 er estimert til omlag kr. 9.000.000,-

Tiltakskostnadane, estimert til 11.000.000,- for same periode, er knytt til innhald; markeringar, arrangement, jubileumsfest, bøker, læremiddel.

Forprosjektet legg opp til ei kostnadsdeling slik:

- Bømlo kommune 5 mill.
- Hordaland (Vestland e 01.01.2020) fylkeskommune 5 mill.
- Nasjonale budsjett 10 mill.

Fylkesrådmannen føreslo i fylkestinget sitt møte 28.3.2019 i politisk sak 58/2019 å gje eit eingongstilskot på kr 3.150.000 frå avsette fondsmidlar, og ville elles koma attende til spørsmålet om ytterlegare tilskot.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune fatta såleis samrøstes vedtak den 28.3.2019 i PS 58/2019:

1. *Fylkesutvalet sluttar seg til satsinga på riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på Moster, slik det er skissert i saka.*
2. *Fylkesutvalet løyver kr 3.150.000 frå fondsmidlar frå Fartein Valen senteret til riksjubileum 2024 ved Bømlo kommune.*
3. *Fylkesrådmannen kjem attende til spørsmålet om ytterlegare fylkeskommunal finansiering i samband med budsjett for 2020 - 2024.*

Drift av eit AS skal vera i samsvar med norske lover og reglar. Det vert elles vist tillit til at styret har god økonomisk styring ut frå dei gjeldande økonomiske rammer.

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynde til å oppretta eit AS er ikkje delegert. Avgjerdsmynde ligg då hjå Fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Jubileet sin legitimitet har det vært arbeidd med over lengre tid, mellom anna gjennom innhenting av profesjonsutsegner frå fagpersonar innan mellomalder-, retts- og religionshistorie. Forprosjektet bidreg til å synleggjere både historisk relevans og moglegheiter for korleis desse hendingane kan aktualiserast i dagens samfunn. I arbeidet har ein opplevd stor og positiv interesse for vårt val av fokus; «Verdiar i lovverk og samfunn».

Det området som har kravd størst merksemd i forprosjektet har vore organisering, spesielt kva selskapsform som vil vere tenleg i høve gjennomføringa av eit så stort og komplekst jubileum. Som det går fram av rapporten er det blitt undersøkt og vurdert ulike selskapsformer og korleis desse har vore nytta i andre jubileum og markeringar. Det har vore brei semje om at eit AS er den mest tenlege selskapsforma.

Styret i Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS (MA) gav tidleg i prosessen signal om at ein ønskte å leggje ansvaret for gjennomføringa av jubileet til det eksisterande selskapet. Argumentasjonen var m.a. at dette vil styrke Moster Amfi si rolle som forvaltar av den nasjonalhistoriske arven på Moster. Ein ønskte vidare at Moster Amfi skulle vere ansvarleg for jubileet i planleggingsfasen av hovudprosjektet fram til 2023, for deretter å opprette eit eige AS som stod ansvarleg i gjennomføringsdelen det siste året.

Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS er eigd 50% av Vestland fylkeskommune og 50% av Bømlo kommune. Både rådmannen i Bømlo og fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune har vore tydeleg på at ovannemnte løysing ikkje er tilrådeleg. Å endre selskapsform/organisering ved å opprette eit nytt AS rett før gjennomføringsperioden i 2024 er svært unaturleg, og vil krevje omfattande prosessar i høve kunnskapsoverføring, personellressursar, dialog med samarbeidspartnarar, relasjonsbygging, m.m. Styringsgruppa vurderer dette som uaktuelt.

Med ei estimert økonomisk ramme på 20 mill. for hovudprosjektperioden er den økonomiske risikoen svært stor. Det er eit uttalt mål frå begge eigarane at ein ønskjer å styrke Moster Amfi som arena og som formidlar av ein unik arv, og at aktiviteten skal vere høgare etter jubileet enn han er no. Eit evt. negativt resultat i hovudprosjektet vil kunne øydeleggje for dette dersom jubileet ligg under Moster amfi.

Styret i MA har også signalisert at dei har planar for utvikling av anlegget, slik at ein til jubileet har eit enno betre grunnlag for formidling og opplevingar. Ei ny utstilling om tematikken i 1000-års jubileet har vore nemnt. Det vil vere svært positivt for anlegget i Moster amfi om jubileet i 2024 sette tydelege fysiske spor og at dette auka både aktivitet og attraktivitet. Det er likevel slik at ei utviding av anlegget vil vere utfordrande både med tanke på økonomi og kapasitet, og det er lite truleg at ein vil kunne handtere eit stort nasjonalt jubileumsarrangement i tillegg.

Styringsgruppa i forprosjektet meiner dette samla talar for at det mest tenlege vil vere å opprette eit eige AS, eigd av Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune, og at dette selskapet får ansvaret for gjennomføring av hovudprosjektet, inklusiv sjølv jubileumsåret. Selskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar levert.

Dersom tilrådinga her vert vedteke vil fylkeskommunen og kommunen sitje som eigarar i både eksisterande Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS og det nye aksjeselskapet. Styringsgruppa legg til grunn at spørsmålet om eventuelle investeringar i Moster Amfi vert vurdert på sjølvstendig grunnlag.

Forprosjektet sin klare anbefaling er at ein må sikre god kompetanse frå kultur og næringsliv i styret i det nye selskapet - i tillegg til representasjon frå eigarane. Bømlo Teater og Moster amfi bør også vere representert.

Økonomi: Forprosjektet tilrår å dele kostnadane opp i basis- og tiltakskostnadar. Basiskostnadar vil seie prosjektleiing, planlegging og administrasjon, men gradvis opptrapping av aktiviteten. Samla basiskostnadar for perioden 2019-2024 er estimert til omlag kr. 9.000.000,-.

Tiltakskostnadane, estimert til 11.000.000,- for same periode, er knytt til innhald; markeringar, arrangement, jubileumsfest, bøker, læremiddel.

Ei evt. utbygging av anlegget/ei utstilling i Moster amfi er ikkje teke med som del av dette tiltaksbudsjettet.

Forprosjektet legg opp til ei kostnadsdeling slik:

- Bømlo kommune 5 mill.
- Hordaland fylkeskommune 5 mill.
- Nasjonale budsjett 10 mill.

Hordaland fylkeskommune legg opp til fordeling av tilskotet over åra 2019 - 2024.

Gode partnerskap og samarbeid vil auke moglegheitene for ekstern finansiering av ulike tiltak. Både fylkeskommune og kommune må gjere årlege avklaringar om løyvingar.

Klima: Forprosjektrapporten har ingen direkte miljømessige konsekvensar, men dette vil måtte vurderast fortløpande når tiltak i eit evt. hovudprosjekt vert iverksett.

Folkehelse: Gjennom eit nasjonalt jubileum med sentral markering på Moster vil ein kunne styrke lokal identitet og auke engasjementet om oppvekst- og levekår. Vidare må ein i planlegginga av jubileet aktivt vurdere tiltak som fremmer folkehelse knytt til både infrastruktur, formidling, kunst- og kulturuttrykk og aktivitetar.

Regional planstrategi: Er i samsvar med regional planstrategi.

Konklusjon

Det vert tilrådt å at det vert oppretta eit nytt AS: «Moster 2024 AS» som får ansvar for planlegging og gjennomføring av jubileet. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune. Selskapet skal avviklast etter at jubileet er avslutta, alle arrangement er gjennomført og rapportar levert.

Eit førebels estimert budsjett er sett til 20 mill. fordelt på basis- og tiltakskostnadar. Det vert lagt opp til vesentleg ekstern finansiering gjennom nasjonale tilskot og støtte til einskildtiltak og produksjonar.